

MOL310 - emnerapport 2011 vår

Praktisk gjennomføring

Emnet hadde 14 førelesingar og fire kollokvium.

Strykprosent og frafall

Kandidater	Totalt	K/M
Meldt:	25	19/6
Møtt:	21	16/5
Stryk%:	14	

Studiepoengproduksjon: 180

Karakterfordeling

A: 9,5% B: 47,6% C: 23,8% D: 4,7% E: 0%

Snitt: B

Studieinformasjon og dokumentasjon

Studieinformasjon vart lagt ut på Mi Side.

Studentevaluering

Metode – gjennomføring

Elektronisk spørjeundersøking på Mi Side, 13 svar. Dette tilsvarer at 62 prosent av studentane som møtte til eksamen. Emneansvarleg sendte ut e-post om emneevalueringa i mai.

Oppsummering av innspill

Majoriteten av studentane som svarte på spørjeundersøkinga følgjer masterprogrammet i molekylærbiologi.

Knapt 70 prosent studentane syns emnet stemmer overeins med emneskildringa, medan 23 prosent meiner at det stemmer overeins til ei viss grad. Resten av studentane meiner at emnet ikkje stemmer overeins med emneskildringa. Knapt to tredjedelar av studentane meiner at arbeidsmengda stemmer overeins med antal studiepoeng (10 sp), medan 31 prosent av studentane meiner at det er litt for mykje arbeid. Resten av studentane meiner det er litt for lite arbeid med emnet samanlikna med at det gir 10 sp.

Majoriteten av studentane syns det er svært god eller god kontakt med førelesar.

Totalt 31 prosent av studentane meiner at læreboka "Proteins: Structure and function" er veldig god eller god. Ein like stor del av studentane meiner at boka er ok, medan resten av studentane meiner at boka er dårleg eller svært dårleg. Studentane kommenterer at boka er enkel og veldig komprimert, og gir eit dårleg grunnlag for å forstå og lære innhaldet i emnet. Det er naudsynt med andre bøker for å gi ei djupare forklaring i aktuelle problemstillingar. .

Dei aller fleste studentane har deltatt på dei aller fleste førelesingane i emnet. Kun 8 prosent av studentane har sjeldan delteke på førelesingane. Majoriteten av studentane (53 prosent) Studentane førebur seg aldri til førelesingane. Resten av studentane førebur seg nesten kvar gong eller ofte. Dei fleste av dei studentane som sjeldan førebur seg til førelesingane, lærer meir når dei har førebudd seg til førelesinga. Totalt 92 prosent av studentane meiner at det er god eller ok struktur i førelesingane.

Totalt 38 prosent av studentane syns emnet er svært bra eller bra å ta i kombinasjon med andre emne. Knapt halvparten av studentane svarer at det gjekk ok å kombinere MOL310 med andre emne. Over halvparten av studentane syns emnet er ok, medan dei resterande studentane meiner emnet er vanskeleg. Studentane spesifiserer at mekanismar for regulering av proteinfunksjon, pKa, protein modellering og tema retta mot fysikk og delvis kjemi er vanskeleg.

Knapt ein av fire studentar meiner at MOL310 er veldig bra, 53 prosent meiner emnet er bra, 15 prosent meiner emnet er ok og resten av studentane meiner det er dårleg. Studentane kommenterer at det er uvisst kva dei skal lære i MOL310 og kor nøye ein skal lære ulike tema, då emnet går mot fleire fagretningar (biologi, kjemi og fysikk). Det er ønskeleg å få ein grundigare gjennomgang av fysikalske og kjemiske definisjonar og omgrep. Førelesar får skryt for å vere engasjert og tilgjengeleg for studentane sine spørsmål og kommentarar.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Totalt sett er eg fornøgd med avviklinga, eksamensresultata og tilbakemeldinga. Eg vil betre læreboka og tydeliggjer kva som skal lærast ved hjelp av sjølvlaget materiale til neste gong. Eg vil avvikle dataøvingane (som nå inngår i andre obligatoriske fag) og redusere antall forelesningar til fordel for eit 'term-paper' som rettast og vurderast som en (mindre) del av den totale karakteren.